Oppgåve 1

Språket som kvinnekamp

I utdraget *Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk* av Helene Uri, påpeikar Uri at språket formar haldningane våre, og at språket i dag framleis bærer ein arv etter ei tid med eit anna syn på kjønnsroller. Forfattaren har nytta fleire verkemiddel for å få fram synet sitt.

Uri brukar ein by som ei samanlikning for språksituasjonen i dag. Ho skriv blant anna om korleis gatenamna ofte er kalla opp etter menn, og om ein skulptur av ei «navnløs kvinne». Dette kan tenkjast å vere metaforar for korleis Uri meiner språket i dag er infiltrert av mannsdominerte ord.

Det er òg interessant å merke seg orda og frasane forfattaren nyttar når ho snakkar om «menn i språket». Døme som «nordmann», «manne seg opp» og «seierherre» er alle ord som gir konnotasjonar til noko ekte og modig. Dette er ei kontrast til skulpturen som ikkje berre er namnlaus, noko som kan få oss til å tenkje på nokon som er umyndiggjort, men og «naken». Å vere naken kan gi konnotasjonar til noko sårbart og skjørt, i tillegg til røpe haldningar om at kvinnekroppen kan stillast ut.

Uri brukar og verkemiddelet anafor. Fleire setningar begynner med frasa «Akkurat som ...» med påfølgande samanlikningar av by og språk, og korleis endringar skjer sjølv om det vert protestar. Anaforane er med på å bryte opp rytmen i teksten slik at det Uri seier kjem enno tydelegare fram. På den måten er kanskje anaforane med på å oppmode lesaren til å ta kampen for å endre språket og haldningane.

For å oppsummere kan me seie at forfattaren nyttar fleire verkemiddel for å få fram synet sitt på korleis språket og kjønnsroller heng saman; ord med bestemde konnotasjonar, metaforar, samanlikningar og anaforar.

Kjelde
Uri, Helene: *Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk,* Gyldendal 2018

Oppgåve 2

Ærefrykt for naturen

Naturen har nok alltid skapt frykt og beundring hos menneske. Likevel har nok synet på naturen har endra seg mykje i løpet av dei siste 150 åra. I det romantiske diktet «Vannfall i skogen» av Andreas Munch (Munch 1867), vert naturen, og særleg fossen beundra. I utdraget frå romanen *Gult farevalsel* av Brit Bildøen (Bildøen, 2023) finn ein òg naturmotiv, men i dette utdraget kjem det tydlegare fram kor øydeleggjande og skremmande naturen kan vere. I tekstutdraga finn ein både likskapar og ulikskapar når det gjeld form og innhald.

Diktet «Vannfall i skogen» er skriven i ei tid der dei romantiske tankane framleis råda, og særleg nasjonalromantikken, romantiske tankar knytt til nasjonen, naturen og folkeanden var viktig. Dette ser ein på fleire områder i diktet når det gjeld innhaldet; naturmotiv som «bekk», «skog» og «lier» går igjen, samt ein får lese om nøkken, eit vesen frå norsk folkedikting.

I diktet er motivet at det lyriske eg-et fortel om korleis ein bekk «slynger seg» gjennom skogen før den endar i eit kraftig fossefall. Etter fossefallet vert bekken igjen roleg, og det lyriske eg-et fortel om korleis du kan høyre nøkken spele dersom du lyttar. Eit mogleg tema i diktet kan vere det å kome i kontakt med naturen, eller naturen og krafta den har.

Diktet består av sju strofer, med fire vers i kvar strofe. Sjølv om ikkje alle strofene har verselinjer som rimer, har fleire av dei rimmønsteret ABAB. Storofene er nesten like lange, og dette, saman med rima gjer diktet harmonisk. Harmonien vert ytterlegare styrka av dei mange lydmalande orda. Ord som «susen», «brusen», «fossen» og «skvulp» gjer at ein som lesar nesten kan høyre bekken og fossen, og oppleve roen og krafta bekken og fossen har.

Når det gjeld språket i diktet er det abstrakt og kjensleladd. Det abstrakte språket kjem fram i til dømes i verselinjene: «den monotone klang dog dulmer/savn og smerte i naturens fred». Det abstrakte, høgpoetiske språket er kanskje med på å gi naturen ein ny dimensjon, der den sterk og har enno meir kraft enn den ein som menneske kan sjå og oppfatte. Ord for kjensler som «lengsel», «vrede», «savn» og «smerte» gjer språket ladd. «Vrede» er nytta for å skildre temperamentet til fossen. Igjen ser ein korleis naturen har ein styrke og kraft.

Munch har òg nytta fleire verkemiddel i diktet som til dømes besjeling og kontrast. Naturfenomen vert besjelt fleire gonger i løpet av diktet; bekken vert til dømes beskriven som «stridig» og fossen som «vred». Det at naturfenomena får menneskelege eigenskapar gjer naturen levande, og kanskje at ein som lesar får ein ny interesse for naturen. Når det gjeld verkemiddelet kontrast, ser det ut til å vere ein kontrast mellom starten av diktet, strofe ein til fire, og dei tre siste strofene. I starten av diktet byggar straumen av vatn seg opp frå ein liten bekk til ein stor foss. Etter fossefallet, vert alt rolegare og meir harmonisk igjen. Kanskje kan dette seiast å vise ulike sider ved naturen – roleg og harmonisk og kraftig og vilter.

Den andre teksten, *Gult farevarsel*, er skriven i vår eiga samtid – ei tid der naturkrefter begynner å skremme mange. Global oppvarming og klimakrise er ein dagleg del av nyhendebiletet, og òg i Noreg har fleire fått kjenne på korleis faren for flaum er reell. Motivet i dette tekstutdraget er at forteljaren fortel om ein samtale mellom familiemedlemmar som har reist på ei hytte. Det er dårleg ver, og særleg foreldra kommuniserer at dei er redde for nedbøren. I likskap med diktet, ser naturen og naturen si kraft ut til å vere eit mogleg tema.

Korleis karakterane i romanutdraget forhold seg til været på, ser ut til å vere ulikt frå det lyriske eg-et i diktet. Det kraftfulle været vert beskriven som «uhyggeleg», og skogen vert beskriven som fin «å rusle gjennom». Det lite kjensleladde språket er svært ulikt korleis Munch beskriv naturen si kraft på. Much snakkar og korleis ein kan setje seg ned og lytte til naturen, medan familien på si side må beskytte seg inne i hytta dei er i.

Når det gjeld forma på tekstutdraget skil det seg frå diktet på mange punktar. Sjangrane er ulike, eit dikt og eit utdrag frå ein roman, og det er difor ikkje unaturleg at diktet er skriven på vers, med fast rim og rytme, medan romanen er skrive på prosa. Og språket er svært ulikt. Medan det i diktet er kjensleladd, «høgpoetisk» og abstrakt, er språket mindre formelt i romanutdraget. Interjeksjonen i replikken: «Ah, farevarsel» bidreg til å gjere språket daglegdags.

Noko anna som skil dikta frå kvarandre er bruken av verkemiddel. I Bildøens tekst er det ikkje på langt nær så mange verkemiddel. Bildøen har nytta ei samanlikning for å skildre veret si kraft: «bak gardinblondene skyl regnet mot rutene med same kraft som når ein køyrar bilen gjennom ein vaskeautomat». Dette gjer at me som lesarar får inntrykk av kor ille veret

faktisk er, og alvoret familien kjenner på. Med unntak av samanlikninga er det nytta få verkemiddel, og språket er direkte. Som lesar får ein heller eit innblikk i tankane til karakterane gjennom replikkane.

For å oppsummere kan me seie at begge tekstane kan seiast å tematisere naturen og krafta den har. Likevel skil tekstane seg frå kvarandre med til dømes tanke på språk, der den eine teksten har eit abstrakt og kjensleladd språk, og den andre teksten eit meir direkte og munnleg språk. I den eine teksten, beundrar det lyriske eg-et naturen og krafta den har, medan karakterane i den andre teksten fryktar naturkrafta.

Kjelder

Munch, Andreas: "Vannfall i skogen" frå *Eftersommer. Ny digtsamling,* København 1867

Bildøen: Brit: *Gult farevarsel*, Det Norske Samlaget 2023

Christensen, Jostein og Asbjørn Odin Aag. «Forestillinger om det norske». Videoteket 2020, https://videoteket.no/wp-content/uploads/2018/01/studiehefte-Forestillingeromdetnorske.pdf, lastet ned 15.05.2024